

SUNNFJORD OUTDOOR 2010

Søndag 15. august

Sykkeltur gjennom kulturminneløypa i Hestadgrend



Bli med på sykkeltur Hestadfjorden rundt og opplev unike kulturminne og naturlandskap langs ruta. Hestadgrend Kulturminneløype er oppretta for å formidle og gjere tilgjengeleg landskapet og kulturminna i Hestadgrend.

Vi tek ein stopp ved Kjelstad skog- og kultursti, Hestad Kapell, Nedrestrand gamle gard og Eikjelandsfossen og elles der det høver med ein rast. Om veret tillet det kan vi ta eit forfriskende bad på Øyra.

Turen høver for folk i alle aldrer. Dei aller minste kan takast med på sykkelsete eller i sykkelvogn. Ta med deg sykkelen og bli med.

Start og

- parkering:** Rasteplass ved Eikjelandsfossen på nordsida langs RV610. Skilta frå vegen.
Sluttstad: Ved Eikjelandsfossen på sørsida. Ein må sykle tilbake til bilane på nordsida.
Servering: Enkel servering undervegs.
Tid: Kl. 11:00
Lengde: Ca. 9 km
Varighet: Ca. 4 timar
Pris: Vaksen kr. 100,-. Born under 12 år gratis. Ver vennleg betal direkte til guide.
Påmelding: Innan kl. 18:00 dagen før til guide.
Guide: Åshild Kjelstad Seljesæter tlf. 905 90 996.

Meir info, ring 57 72 19 51

www.sunnfjord.no

reisemål
Sunnfjord

Fosseheimen - mellom bre og fjord